



Arkivnr: 2014/21281-6  
Saksbehandlar: Sølve Dag Sondbø

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.08.2015

## Framlegg til høyringsutgåve Handlingsprogram 2016-2018 for Vassregion Sogn og Fjordane - regional plan for vassforvaltning

### Samandrag

Inndelinga av vassførekomstar følgjer nedbørfelt til vassdraga. Vassregion Sogn og Fjordane går geografisk inn i Hordaland i delar av fjellområda i Stølsheimen. Handlingsprogrammet synleggjer sentrale oppgåver knytt til planprosessen og kven som har ansvaret for framdrifta.

### Forslag til vedtak

1. Utkast til handlingsprogram (2016-18) for Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021, datert 04.08.2015, vert lagt ut på høyring.
2. Høyringsperioden vert fastsett til 01.09.15 - 15.10.2015.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Gudrun Mathisen  
fung. fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

Framlegg til høyringsutkast til handlingsprogram 2016-2018 – Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021

Utrykt vedlegg:

[Høyringsutgåve- Region plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021](#)

[Høyringsutgåve – Tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021](#)

## Fylkesrådmannen, 05.08.2015

### Bakgrunn

Handlingsprogrammet er utarbeidd som ei oppfølging av *Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion*. Handlingsprogram skal inngå i alle regionale planar, jf. plan- og bygningslova § 8-1.

Saka handsamast politisk i Hordaland sidan delar av arealet i Vassregion Hordaland geografisk er i Hordaland. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Utkast til handlingsprogram viser aktiviteter for 2016-2018. Det er lagt opp til årleg rullering og oppdatering av programmet. Handlingsprogrammet har tidlegare ikkje vore på høyring.

Høyring av *Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion* og *Tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion* er gjennomført og låg ute til offentlig ettersyn frå 1.10.14- 31.03.15. Planen og tiltaksprogrammet er utarbeidd i tråd med *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta).

Planen fastset miljømål for vassførekomstane og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Det vil gi reinare vatn og betre økologi i elvar, innsjøar og kystvatn i regionen.

For å nå miljømåla i forvaltningsplanen, er det utarbeidd eit regionalt tiltaksprogram som konkretiserer moglege tiltak for å førebyggje, forbetre og/eller retta opp att miljøtilstanden der det er naudsynt. Det ikkje gjort prioritering av tiltaka i tiltaks-programmet. Målet er at alle tiltaka skal vere operative innan utgangen av 2018.

Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 er den første av i alt tre planperiodar fram mot 2033. Planen og tiltaksprogrammet vert rullert kvart 6. år.

### Sentrale problemstillingar

Handlingsprogrammet viser kva oppfølging planen krev og peikar ut ansvarlege organ og samarbeidspartnarar for å gjennomføre planen. Handlingsprogrammet er avgrensa til sjølve planprosessen. Planprosessane skal sikre at aktørane gjennomfører tiltak i tiltaksprogrammet på sjølvstendig basis eller i samhandling med andre. Programmet gjev ei overordna oversikt over kven som har ansvar for dei vesentlege oppgåvene for å nå miljømåla i regional plan og regionalt tiltaksprogram. Det er gitt ei oversikt over trong for ressursar, men det har ikkje vore mogleg å gje eit overslag over storleiken på trongen for ressursar for den enkelte sektor/sectorstyresmakt.

### Andre opplysningar

Handlingsprogrammet følgjer høyringsfristane i plan- og bygningslova § 8.3, dvs. minst 6 veker.

Handlingsprogrammet skal være utarbeidet i samarbeid med vassregionutvalet der alle kommunane, regionale organ og statlige etatar er med. Vassregionutvalet delegerte ansvaret til arbeidsutvalet til vassregionutvalet 20.08.14. Arbeidsutvalet i vassregion Sogn og Fjordane har hatt høve til å kome med innspel til handlingsprogrammet og kommentere utkast til handlingsprogram.

### Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at planen får konsekvensar for økonomi og budsjett i Hordaland fylkeskommune. Det er ikkje framlegg om tiltak i Hordaland sitt geografiske område.

Gjennomføring av planen vil gi betre vassmiljø.